

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar</li> <li>• Bli ein betre lesar</li> <li>• Vita kva verb er</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa og snakka engelsk med dei andre</li> <li>• Kunna nytta ulike strategiar i språklæringa; munnleg og skriftleg</li> <li>• Gjera samanlikningar på engelsk</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekna med fleire rekneartar på ein gong</li> <li>• Kjenna til negative og positive tal og bruka dei fire rekneartane i arbeidet med negative tal</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna forklara kva eit samfunn er, og samanlikna ulike samfunn</li> <li>• Reflektera over kva som gjer eit samfunn levedyktig</li> <li>• Drøfta korleis det norske samfunnet har endra seg over tid</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og presentera sentrale trekk ved hinduismen</li> <li>• Forstå korleis hinduismen har utvikla seg historisk</li> <li>• Bruka og drøfta fagomgrep om religionar og livssyn</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska eit økosystem og forklara korleis biotiske og abiotiske faktorar påverkar kvarandre</li> <li>• Forklara korleis planter og dyr får energi til å leva</li> <li>• Gjera greie for korleis energi vert overført i ei næringskjede</li> <li>• Forklara korleis stoff i naturen vert brukte om att</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra om personlege pronomen</li> <li>• Kunna bøya regelrette verb på spansk</li> <li>• Kunna fortelja litt om Spania</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka tysk både munnleg og skriftleg</li> <li>• Kunna tal og alfabet</li> <li>• Kunna personlege pronomen og bøya nokre verb i presens</li> <li>• Kunna nokre fakta om tysktalande land</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skapa ulike typar munnlege og skriftlege tekstar om sjølvvalde emne som du presenterer gjennom ulike media</li> <li>• Presentera sjølvvalde interesseområde</li> <li>• Skapa digitale produkt der du kombinerer ulike medietypar (lyd , bilete og tekst)</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<p><b>Orientering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• trenar på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• trenar på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.</li> <li>• forstå fleire typar kart og digitale verktøy og bruke dei til å orientera seg i kjende og ukjende miljø</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utforska korleis digitale verktøy og ny teknologi kan gje moglegheiter for kommunikasjonsformer og opplevingar i skapande prosessar i portrett.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>Halda god hygiene</li> <li>Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>Gjennomføra sal</li> <li>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøukter</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Øva på og gjennomføra grunnleggjande ferdigheiter i ballspel</li> <li>Kunne spela andre gode</li> <li>Visa gode haldningar og innsats</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>planleggja og gjennomføra turar ute til ulike årstider, også med overnatting, og gjera greie for val av rute og leirplass</li> <li>halda orden på og vurdera bruk av utstyr og klede</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Undersøkja behov for varer og tenester på skulen og i lokalsamfunnet</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Få eit trygt og godt klassemiljø</li> <li>Verta kjend med dei andre i klassen</li> <li>Verta bevisst sitt eige nettverk av relasjonar for sosial støtte</li> <li>Få ei forståing av kor viktig det er å søka sosial støtte i møte med utfordringar</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Referat foreldremøtet

Takk for godt frammøte på førelldremøtet på onsdag. Powerpointen med informasjon ligg på heimesida under "Brev og beskjedar".

### Sterk & Klar

Det blir eit nytt foreldremøte "Sterk & klar" tysdag 24. september kl 18.00, og dette foreldremøtet er det påmelding til. Tema for møtet er grensesetting, foreldrestil og anerkjennelse. Eigen informasjon om dette blir sendt ut på heimesida og i Visma-appen.

### Nasjonale prøvar

I neste veke skal me ha nasjonal prøve i engelsk. Me har gjennomført prøvane i lesing og rekning. Elevane tar prøven seriøst og gjer så godt dei kan. Lærarane får god informasjon om elevane sin kompetanse, og dei kan leggja opp undervisninga etter dette. Dei endelege svara på prøvane får me i november, og føresette vil få informasjon

om dette i utviklingssamtalane

### Møllekjellaren

Alle klassane skal få besøka Møllekjellaren i dei neste vekene. 8B starta i førre veke og 8C skal ned i veke 38. Dei skal bli kjende med Møllekjellaren, og skal ha sosial trening og byggja godt klassemiljø der.

Helsing oss på 8.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Naturfag	Innlevering på Teams	Ja	Veke 39
Engelsk	Nasjonal prøve	Ja	Veke 38
Matematikk	Innføring på ark	Ja	Veke 38

## HEIMEARBEID VEKE 38

<b>Norsk</b>	Les 3 x 20minutt i boka di. Hugs at du skal registrere sidetal hos læraren din i sluttan av veka.
<b>Engelsk</b>	Les teksten 'Smart ice cream' som du finn på Teams som innlevering.
<b>Matematikk</b>	Gjer og før inn på eige ark oppgåve 2-4 på Undervegsvurdering s.93 i grunnboka.
<b>Samfunnsfag</b>	Nemn 5 ting som du meiner er viktig for at menneske i eit samfunn skal ha det bra.
<b>KRLE</b>	Forklar desse omgrepa skriftleg: brahman, karma, guru, samsara, yoga. Skriv minst ei setning til kvar av desse omgrepa. Lever på OneNote. Forklar desse omgrepa ved å laga teikningar: brahman, karma, guru, samsara, yoga. Ta bilete av teikningar og lever på OneNote.
<b>Naturfag</b>	Lag ei oppsummering for kapittelet om økosystemet så langt din klasse har kome. Du kan bruka Book Creator, Explain Everything eller skriva med ord (då må du ha minst 10 setningar). Lever på OneNote.
<b>Spansk</b>	Gjer oppgåve 1 og 2 i EJERCICIOS oppgåvebok. Ta bilete og legg inn på ON
<b>Tysk</b>	Gjer oppgåver på OneNote-heimearbeid veke 38
<b>Eng fordj</b>	Jobb med «Travelouge» oppgåva om Australia (Down Under). Sjå oppgåve-bestillinga på OneNote, Heimearbeid. Lever på OneNote. Ver førebudd på å presentera denne for ei lita gruppe på torsdag.

<b>Kroppsøving</b>	<b>Orientering:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . <b>Symjing:</b> Partallsveker: 8AD. Oddetallsveker: 8BCE
<b>Kantine</b>	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Hugs iPad, hårstrikk og innesko. Vegard si gruppe møter i 8D sitt klasserom. Ta med iPad.
<b>Fys.ak.</b>	Gruppe 1: Oppmøte i gymsalen på BUS. Gruppe 2: Oppmøte i Timehallen. Hugs gymklede, innesko og skifteklede/handkle.
<b>Friluftsliv</b>	Legg inn bileta gruppa tok sist time på OneNote om du ikkje fekk gjort det. Skriv kven du var på gruppe med. Møt utanfor Sandtangen. Me skal padla kano denne veka, så hugs klede etter veret. Hugs skift!

<b>HEIMEARBEID VEKE 39</b>	
<b>Norsk</b>	Les 3x 20 minutt i boka di. Hugs at du skal registrere sidetal hos læraren din i slutten av veka.
<b>Engelsk</b>	Gjer grammatikkoppgåver som du finn under ditt område på ON -> Heimearbeid eller Homework
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.39, 1.41, 1.45 og 1.47 i Grunnboka om rekning med negative tal.
<b>Samfunnsfag</b>	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <b>to</b> av nyheitssakene.
<b>KRLE</b>	I hinduismen er det tre vegar til frelse: handlingsvegen, erkjenningsvegen og kjærleiksvegen (Store spørsmål s. 25-29). Skriv kort om kva som kjenneteiknar dei ulike vegane. Lever på OneNote.
<b>Naturfag</b>	Arbeid med innleveringa di som skal leverast på Teams på fredag 27. september. Du finn informasjon om oppgåva på OneNote.
<b>Spansk</b>	Gjer oppgåve 1, 3, 5 og 8 i EJERCICIOS s. 16-19. Ta bilete og legg inn på ON
<b>Tysk</b>	Gjer oppgåver på OneNote. Heimearbeid veke 39
<b>Eng fordj</b>	Jobb med glosene frå side 24 i boka «On The Move». Fyll inn tabellen som ligg på OneNote, Heimearbeid v.39 og lag ei setning med tre av orda. Ver førebudd på gloseprøve torsdag.
<b>Kroppsøving</b>	<b>Orientering:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . <b>Symjing:</b> Partallsveker: 8AD. Oddetallsveker: 8BCE
<b>Kantine</b>	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Hugs iPad, hårstrikk og innesko. Anne Marie si gruppe møter i 8D sitt klasserom. Ta med iPad.
<b>Fys.ak.</b>	<b>Gruppe 1:</b> Oppmøte i gymsalen på BUS. <b>Gruppe 2:</b> Oppmøte i Timehallen. Hugs gymklede, innesko og skifteklede/handkle.
<b>Friluftsliv</b>	Møt utanfor Sandtangen med klede etter veret! Me skal padla kano om veret er greitt, så hugs skift.

